



Ålesund og Sula kommunar

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Dispensasjon for legging av sjøleidningar for avløp og vassforsyning til Kongshaugen reinseanlegg - Vegsundholmane – Veibustholmen naturreservat - Ålesund og Sula kommunar

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir dispensasjon fra § 3, 2. ledd, nr. 3 i verneforskrifta for Vegsundholmane-Veibustholmen naturreservat for legging av sjøleidningar for avløp og vassforsyning til Kongshaugen reinseanlegg i samsvar med søknad 19.02.2024. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan tre år må det søkast på nytt. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

Bakgrunn


Vi viser til søknad 19.02.2024 frå Asplan Viak AS ved Lena Solli Sal, som på vegne av Ålesund og Sula kommunar søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Vegsundholmane-Veibustholmen naturreservat for legging av sjøleidningar for avløp og vassforsyning i samband med etablering av Kongshaugen reinseanlegg i Sula kommune. Anlegget skal erstatte fleire eksisterande kommunale reinseanlegg i Ålesund og Sula kommunar. Felles trasé for leidningane gjennom naturreservatet (skravert) er vist i kartutsnittet nedanfor. Vassleidninga vil ha ein diameter på 225 mm. Avløpsleidninga vil ha ein diameter på 710 mm. Begge er PE-leidningar tynga ned med avrunda betonglodd. Utlegginga vil ta maks eitt døgn pr. leidning.

Søknaden peikar ikkje konkret ut formell ansvarleg tiltakshavar. Vi stilar dispensasjonen til begge kommunar som gjensidig overordna ansvarlege for utbygginga.

Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift, fastsett ved kongeleg resolusjon 28.05.2010 (FOR-2010-05-28-848). Etter § 3, 2. ledd, nummer 3 må det ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. framføring av kloakkledningar.

Statsforvaltaren kan gi dispensasjon frå verneforskrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml). Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).



Statsforvaltaren si vurdering

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Sjøområdet med tilnærma urørte holmar og skjer og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna fiskemåke, makrellterne og ærfugl.

Dei viktigaste verdiane for biologisk mangfald er ikkje knytt til sjøbotnen, og leidningen vil berøre eit avgrensa areal på botnen. Gjennomføring av tiltaket skjer over kort tid, og slik det er skildra i søknaden utan vesentlege negative verknader knytt til opprotting av sediment. Traséen ligg i god avstand (100-150 meter) til nærmeste hekkeholme, og vi ventar ikkje at utlegging av leidningane vil ha vesentleg forstyrrende verknad. Vi finn difor ikkje grunnlag for å stille vilkår om at tiltaket må gjennomførast utanom hekkeperioden.

Vi finn ut i frå vurderingane ovanfor at tiltaket ikkje stirr i mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Vi legg også vekt på at tiltaket er del av eit prosjekt med stor samfunnsnytte, og som vil betre resipientforholda i store sjøområde i Sula og Ålesund. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget om verknader for naturmangfald som tilstrekkeleg (nml § 8), og finn ikkje at føre-var-prinsippet (nml § 9) får vesentleg vekt. Det ligg ikkje føre tenlege alternativ til omsøkt tiltak (nml §§ 11 og 12).

Når det gjeld vurdering av eventuelle andre verknader på verneverdiane i reservatet som kan følgje av reinseanlegget, skal det vurderast under det enkelte vedtak etter aktuelle lovverk.

Naturmangfaldlova § 49 slår fast at når utanforliggende verksemder som treng løyve etter anna lov kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane ha vekt i



avgjørda om å gi løyve, og ved fastsetting av vilkår. Det mest aktuelle dømet vil for vår del vil vere ved handsaming av søknader om utsleppsløyve og løyve til anleggsdrift etter forureiningslova.

Anna lovverk

Vedtaket omfattar berre dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av naturmangfaldlova.
Nødvendige løyve etter anna lovverk må avklarast med rette myndigheter

Klagerett

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klag må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klag dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Lenke til klageskjema:

https://www.regieringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073n_nynorsk.pdf

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Bjarne Otnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
SULA KOMMUNE	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
ASPLAN VIAK AS	Postboks 24	1301	SANDVIKA